

ÅRSPLAN FOR TRYGGHEIM BARNEHAGE ULSTEINVIK 2019 – 2021

NLM-barnehagene AS
Avdeling Tryggheim barnehage, Ulsteinvik
Rognahaugen 2, 6065 Ulsteinvik
Tlf: 70010732
Mail: tryggheim.ulsteinvik@nlmbhg.no



Ekte glede på sikker grunn



NLM-barnehagene

Innholdsliste

Innholdsliste.	s.2
Velkommen til Tryggheim barnehage. Ulsteinvik.	s.3
Om barnehagen.	s.4
Bemanning.	s.4
Sosialt samspel, leik og kvardagsaktivitetar.	s.4
Sosial kompetanse/mobbing/utestenging.	s.5
Danning.	s.5
Pedagogisk grunnsyn og praksis.	s.5
Vaksenrolla i barnehagen.	s.6
Arbeidsmål for personalet i Tryggheim barnehage.	s.7
Tilvenning og overganger i barnehagen.	s.8
Overgang heim-barnehage/ tilvenning.	s.8
Overgang mellom avdelingar i barnehagen.	s.8
Overgang barnehage- skule.	s.8
5 årsklubb/førskule.	s.9
Plan for det kristne innhaldet.	s.10
Satsingsområder.	s.11
Forvaltaransvaret.	s.11
Natur, miljø og teknologi.	s.11
Mengd, rom og form.	s.11
Etikk, religion og filosofi.	s.12
Hjerteprogrammet- Sosial kompetanse.	s.12
Overordna mål/Rammeplanen.	s.13
Fagområda.	s.14
Fagområda, mål og måloppnåing i samband med arbeidet i barnehagen.	s.14
Kommunikasjon, språk og tekst.	s.14-15
Kropp,rørlse,mat og helse.	s.15-16
Kunst, kultur og kreativitet.	s.17-18
Natur, miljø og teknologi.	s.18-19
Etikk, religion og filosofi.	s.19-20
Nærmiljø og samfunn.	s.20-21
Mengd, rom og form.	s.21-22
Barns medverknad.	s.23
Samarbeid med heimen.	s.24
Personalsamarbeid/personalutvikling.	s.24
Dokumentasjon og vurdering.	s.25
Eigarstyret.	s.25
Styret består i dag av følgande personar.	s.25
Andre samarbeidspartnar.	s.25
Etterord.	s.25

Velkomen til Tryggheim barnehage, Ulsteinvik.

Tryggheim barnehage er ein privat barnehage eigd av NLM-barnehagene a/s, og er ein livssynsbarnehage.

NLM-barnehagane driv 35 barnehagar på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband.

I tillegg driv NLM 8 barnehagar åleine eller i samarbeid med andre organisasjonar.

NLM-barnehagane er eit ikkje kommersielt selskap.

Visjonen til NLM barnehagane er :”Ekte glede på sikker grunn”.

Norsk Luthersk Misjonssamband har formulert sin livssynsbestemming på følgjande måte:

«Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gi barna kristen oppseding i et godt og trygt miljø.

Den skal gi gode utviklings og aktivitetsmuligheiter, og utvikle deira evne og vilje til å samarbeide med andre, bære ansvar, og ha omsorg for medmenneske både i heimlandet og mellom andre folkeslag».

I barnehagen vår ynskjer vi å formidle: **”livsglede og læring i trygge rammer,”** til dei borna som har kvardagen sin saman med oss som er personale i barnehagen.


”Livsglede og læring i trygge rammer”, er visjonen vi har for arbeidet vårt.

Vi arbeider for at barnehagen skal vere eit inkluderande fellesskap med glade og kunnskapsrike barn og vaksne.

Planen som de no sit med skal gje uttrykk for kva ein legg vekt på i arbeidet i barnehagen. Og planen skal fortelje noko om korleis ein vil gå fram for å nå dei ulike måla vi har sett oss.

Rammeplan for barnehagar er med på å leggje grunnlaget for vår årsplan, samt «Lov om barnehagar».

Årsplanen er såleis ein arbeidsplan for den pedagogiske verksemda i barnehagen.



OM BARNEHAGEN.

Barnehagen vår vart bygd i 1976 og er såleis den eldste barnehagen i Ulstein. I 2005 vart det gjort ein del utbetringar, og då fekk vi på plass småbarnsavdeling. Vi har ei stor naturtomt som utfordrar til allsidig leik.”

Barnehagen har born frå 0-5 år og er organisert i to avdelingar.

FIOL: Småbarnsgruppa i Tryggheim, med plass til 16 barn.

Avdeling Fiol er delt i Marihøne, 1-åringene og Sommarfugl, 2-3-åringne.

KLØVER: Her er det plass til 32 barn over 3år.

Denne avdelinga er også delt. 3 og 4 åringane heiter Raudkløver og 5 åringane Kvitkløver.

Åpningstidene er frå 07.00-17.15.

Vi ynskjer at barna skal være i barnehagen til kl.09.30.

.

BEMANNING:

Barnehagen vår har same grunnbemanning som Ulstein kommune.

Det vil seie 1 vaksen pr. 3barn under 3 år, og 1 vaksen pr.6 barn over 3år.

SOSIALT SAMSPEL, LEIK OG KVARDAGSAKTIVITETAR.

Barna lærer gjennom alt dei opplever og erfarer i kvardagen. Dei lærer gjennom direkte samspel med andre barn og vaksne.

For å kunne styre læring og utvikling må ein legge vekt på heile den situasjonen som barna møter i det daglege. Vi kan her skilje mellom formell og uformell læring.

Den formelle læringa har ei organisert ramme der det er eit føremål med aktiviteten t.d. samlingsstund og temaarbeid.

Formell læring møter også barna i kvardagsaktivitetar t.d. ved å lære bordskikk, lære å knyte skoreimer o.a. Dette avgrensa til visse situasjonar som er strukturert og ofte har klare mål.

Den uformelle læringa er ikkje planlagt og skjer meir spontant i her-og-no- situasjonar. I kontakt med andre får barna trening i å uttrykke seg sjølv på ulike måtar. Dei lærer å ta og oppretthalde kontakt med andre, å følgje enkle regler, og å vise omsorg. Ein lærer svært viktige eigenskapar i samspel med andre t.d. empati, kreativitet og å utvikle positiv sjølvkjensle.

Barna lærer å samhandle med andre når dei møtast i direkte leik og samspel. I leiken skjer det viktige læreprosessar i den tidlege barndom, og leiken fremmer utvikling på andre områder.

Venskap må òg lærast. Å forhalde seg til andre er kanskje det mest vesentlege barndommen kan lære barnet.

Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Dei daglege rutinane blir difor ein viktig del av barnehageinnhaldet, og her føregår mesteparten av den sosiale læring og verdiformidling.

SOSIAL KOMPETANSE/MOBGING/UTESTENGING.

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing/utestenging.

Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba/utestengt, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap.

Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler.

Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Vi må ha fokus på varme og grensesettande vaksne. Og det gode samarbeidet med heimen.

DANNING

Ordet oppseding har i barnehagelova blitt bytta ut med ordet danning.

Danning er meir enn oppseding, meir enn sosialisering. Det er meir enn utvikling, meir enn læring og meir enn omsorg.

Det inneheld alt dette. Det er ein livslang prosess som handlar om evna til å reflektere over egne handlingar, og måtar å vere på.

Gjennom danning legg ein grunnlaget for barnet si allsidige utvikling.

Med å arbeide med samspel, dialog, leik og utforskning skal barnehagen vere med og syte for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endring.

Gjennom gode dannelsingsprosessar set ein barn i stand til å handtere livet.

På grunnlag av dette kan vi seie at danning er noko som skjer i møte mellom menneske.

Barnehagen er ein arena der små og store menneske møtest, og dei møtest med ulik bakgrunn og erfaring.

Dei utviklar evna til å forhalde seg prøvande og nysgjerrige til verda i kring seg, og til å sjå seg sjølv som verdifulle medlemmer av eit større fellesskap.

Dette handlar eigentleg alt arbeid vi gjer i barnehagen om.

PEDAGOGISK GRUNNSYN OG PRAKSIS.

Personalet i barnehagen er påverka av ulike pedagogiske teoriar om barn og oppseding.

Saman med våre haldningar og erfaringar med barn er det med og skapar grunnlaget for vårt pedagogiske grunnsyn.

I tillegg har kurs, opplæring og samtale i personalgruppa mykje å seie for korleis vi utviklar synet vårt på barn, og kva dei treng.

Lov om barnehagar og Rammeplanen gjer også klare retningslinjer for haldningar og innhald i barnehagen, og er svært viktige i utviklinga av den gode barnehagen.

Dei verdiar vi legg til grunn er vår kristne ståstad, toleranse, respekt og likeverd. Det er eit menneskesyn der den enkelte vert sett på som unik, og der alle har evne i seg til utvikling.

Vi vil at vårt pedagogiske grunnsyn skal få innverknad på daglegliv, teori, haldningar, erfaring og gje ei ramme for arbeidet vårt.

VAKSENROLLA I BARNEHAGEN.

Dei vaksne i barnehagen skal møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn. Dei skal være tydelege på ein varm og god måte.


Dei vaksne i barnehagen skal legge til rette for variert leik, og ulike aktivitetar, tilpassa barna sine interesser og dugleik. Personalet må hjelpe barna til å kome i gong med positiv leik. Det er dei vaksne sitt ansvar å vere tilgjengelege og støtte og oppmuntre barna undervegs i leiken.

Nokre gongar er det behov for at ein vaksen kjem inn og deltek i barnas leik, og stimulerer med nye impulsar, slik at leiken kan utvikle seg vidare. Det er også viktig at dei vaksne ser barna for å kunne stoppe leik som utviklar seg negativt, for eksempel med element av utestenging eller mobbing.

Dei vaksne må gje konkret støtte og rettleiing slik at barnet taklar situasjonar og kjenner glede ved å meistre.



Når vaksne er autoritative i møte med barna, vil det styrke barna til å vere i stand til å ta gode val, oppsøke dei vaksne og vise glede.

Den vaksne vil bygge opp under at barna får ei god sjølvkjensle, viser kjensler og kan lettare sette ord på eigne kjensler, ha empati med andre og verte sjølvstendige.



ARBEIDSMÅL FOR PERSONALET I TRYGGHEIM BARNEHAGE.

- Kvart barn skal få oppleve at dei er verdifulle og unike, at personalet syner omsorg for den enkelte, viser respekt og er glade i dei.
- Vi vil skape eit miljø der barna veit at dei har vener, der dei kan utvikle venskap med andre og å lære å vise omsorg i praksis.
- Vi vil førebygge og stoppe mobbing og utestenging der barns opplevingar, dei tilsette sitt ansvar og foreldrenes involvering er hovudpunkter.
- Vi vil gi barna høve til å meistre kvardagen og nye utfordringar, slik at dei får tru på egne evner (sjølvtilit) og eigen verdi.
- Vi vil fremje trivsel, humor og glede blant vaksne og barn i barnehagen..
- Kvart barn skal få møte vaksne som er nære og aktivt deltakande i kvardagen, vaksne som ser dei, lyttar til dei og kjem dei i møte.
- Kvar familie skal få møte eit miljø der dei vert respekterte, og der dei finn støtte og oppmuntring i deira eigen situasjon.
- Vi presenterer det kristne innhaldet på ein enkel, trygg og positiv måte.



TILVENNING OG OVERGANGER I BARNEHAGEN

Overgang heim-barnehage/tilvenning.

Når eit barn startar i barnehagen er det særskilt viktig med tett oppfølging, mellom anna for at vi skal lære å kjenne barnet best mogleg.

Barnehagen ynskjer ein open og god dialog med foreldra, det er viktig for barnets trivsel og tryggleik.

Alle barn får sin eigen primærkontakt, slik at dei i starten har ein vaksen dei kan knyte seg til.

Tilvenningsperioden er 3 dagar, men vi anbefaler gjerne lengre tid, og kortare dagar der det er mogleg.

I juni inviterer barnehagen barn og foreldre på 0 – 3 år til informasjonsmøte for å bli kjent med barnehagen.

På 3 – 5 års avdeling får dei nye barna eit eige brev med invitasjon til ein besøksdag før sommarferien.

Overgang mellom avdelingar i barnehagen.

Hos oss skjer overgang frå avdeling til avdeling i hovudsak på hausten, ved nytt barnehageår.

I særskilde tilfelle kan ein ha overgang i løpet av eit barnehageår. Det vil i tilfelle skje i nært samarbeid med heimen.

Personalet tar med borna/barnet på besøk i ny avdeling fleire gongar før oppstart, for å gjere overgangen så god som mogleg.

Vi har også overgangssamtalar mellom dei pedagogiske leiarane på vår/sommar.

Vi jobbar aktivt for at overgangen skal bli god og trygg for både barn og foreldre.

Overgang barnehage - skule

I Ulstein Kommune har en felles plan for overgangen mellom barnehagen og skulen.

Denne gjeld for alle barnehagar og skular i kommunen. Og vi er såleis en del av dette.

Målet er å gi barna en så god skulestart som råd er. Det vert lagt opp til skulebesøk for barna, og eit nærare samarbeid mellom foreldre, skule og barnehage.

Barnehagen vil om hausten ha kontakt med foreldra der ein innhentar løyve om overføring av informasjon til skulen. Samt at ein på foreldremøtet informerer meir om korleis ein arbeider med barnegruppa. I februar vert barn og foreldre invitert til innskriving på skulen. I mars er det skulebesøk saman med venane frå barnehagen og personalet. Og i juni er det førskuledag saman med foreldra.

Dersom det er behov for ytterligare besøk kan barnehagen ta kontakt med skulen.

I forhold til overgangen er det viktig å gi barna erfaring, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på eigne evner.

5 ÅRSKLUBB/FØRSKULE.

Når vi har førskule, arbeider vi med boka «Trampoline» .

Boka er utgitt på Gyldendal forlag, og den er utarbeida for 5-åringane i barnehagen og er utvikla med «Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver» som grunnlag.

I Trampoline vert det lagt vekt på lek og læring, undring og refleksjon, språkstimulering og omgrepsforståing.

Men førskuletrening er så mykje meir

Ein skal lære seg å:

- samhandle i ei gruppe, kle på seg sjølv og vere mest mogleg sjølvhjelpete i daglege rutinar.
- ta imot instruksar og utføre det som blir sagt.
- trene på konsentrasjon

Det er også viktig å:

- skape tryggleik i kvardagen, ha tru på seg sjølv - indre tryggleik, gi gode opplevingar og moglegheit for meistring og medverknad.
- gi barna moglegheit til samarbeid og samhald, og vere ein del av eit fellesskap.
- ta vare på barns nysgjerrigheit, livsglede og vitebegjær.
- ha god tid til lek og andre aktivitetar.

Vi ser det som veldig viktig at 5-åringane våre får vere saman om felles oppgåver, aktivitetar og tur. Vi ynskjer at opplegget skal vere positivt og samlande.



PLAN FOR DET KRISTNE INNHALDET.

Vi vil tilpasse det kristne innhaldet til årsplanen vår.

I starten av eit barnehageår synes vi det er naturleg å starte med skapinga.

Gud har skapt alt, oss sjølve og menneska rundt oss. Vi vil snakke om kor positivt det er at ingen er like, alle er heilt spesielle og at Gud er glad i oss akkurat som vi er.

Hausten 2019, har NLM utgitt eit nytt opplegg for samlingsstunder, «Kort og godt – Bibelforteljingar», som vi vil ta i bruk.

Det har blitt laga i samarbeid mellom NLM ung og NLM-barnehagane. Opplegget inneheld eit kart og 40 bibelforteljingar, med forslag til gjennomføring og aktivitetar.

I tillegg vil vi gjennom heile barnehageåret bruke forteljingar som handlar om korleis vi skal vere overfor kvarandre.

I løpet av eit barnehageår vil vi også kome inn på emnet misjon. Vi vil at barna skal lære litt om ansvar og omsorg for andre.

I desember blir barnehagen prega av advent, og julebodskapen vil vere sentral. Som naturleg vidareføring av dette vil vi utover våren ta fram forteljingar om Jesus som barn, hans vaksne liv og gjerningar.

I påska tek vi for oss påskebodskapen, og fyljer naturleg kyrkjeåret vidare med Kristi himmelfartsdag og pinse.

Vi ynskjer å presentere det kristne innhaldet på ein enkel, trygg og positiv måte.

BØNA VÅR:

Kjære Gud tak handa mi,
slepp ho aldri ut av di.
Før meg på din veg i dag,
gjer meg alltid trygg og glad.
AMEN.

SAMLINGSSTUNDSONG:

Vi tek kvarandres hender, og set oss i ein ring.
Vi er ei mengd med søsken, det skil oss ingenting.
For Gud er far til alle, og jorda er vår stad.
Og alle, alle menneske, vil vi til vener ha.

SATSINGSOMRÅDER

For dei to komande barnehageåra, 2019-2021 har vi fylgjande satsingsområde:

- Forvaltaransvaret/ Miljøvern
- Fagområda: «Natur, miljø og teknologi.»
«Mengd, rom og form.»
«Etikk, religion og filosofi»
- Sosial kompetanse: «Hjerteprogrammet»

Forvaltaransvaret.

Gjennom det kristne verdisynet til barnehagen vert det naturleg for oss å ha fokus på forvaltaransvaret gjennom vårt arbeid. Dei to neste åra vil vi arbeide retta inn mot ei bevisstgjerjing av dette ansvaret.

Vi vil saman med barna undre oss over korleis våre handlingar påverkar verda rundt oss?

Gjennom arbeidet med forvaltaransvaret vil vi fokusere vidare på korleis ein kan skape eit berekraftig samfunn. Dette vil vi gjere med å sjå på kvar ting kjem ifrå og sjå nærmare på dyreartane som er nyttedyr for oss.

Vi vil nytte nærmiljøet rundt oss, og bruke naturen til inspirasjon i matlaging og forming.

Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Mål for dette fagområdet:

- Få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen.
- Få gode friluftslivopplevingar året rundt.
- Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære av naturen og utvikle respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.
- Få kunnskap om dyr og dyreliv.
- Lage konstruksjonar av ulikt materiale og utforske kva moglegheiter, reiskapar og teknologi kan by på.

Mengd, rom og form.

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar, og hjelp barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit, og motivasjon for problemløysing.

Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnerer, argumentere, og søkje løysningar.

Mål for dette fagområdet:

- Leike og eksperimentere med tal og teljing, og få erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på.
- Undersøkje og kjenne igjen eigenskapar ved former, og sortere dei på forskjellige måtar.
- Undersøkje og få erfaring med å løyse matematiske problem, og oppleve glede med matematikk.

Etikk, religion og filosofi.

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldingar.

Gjennom samtale og undring over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål, skal barna få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.

Slik skal barnehagen leggje til rette for kritisk tenking og dømekraft.

Mål for dette fagområdet:

- Utforske og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.
- Få kjennskap til, forstå og reflektere over grunnleggjande normer og verdiar.
- Få forståing for at det finst mange ulike måtar å oppleve ting på, og utvikle interesse og respekt for kvarandre.

HJERTEPROGRAMMET – SOSIAL KOMPETANSE.

Hjerteprogrammet er eit konkret og praktisk opplegg, laga for å kunne passe rett inn i barnehagens planar og arbeid.

Vi vil at alle barn skal få oppleve at dei er verdifulle og at dei skal forstå kor viktige dei er. Vi skal være med på å utruste barna til å takle ein kvardag med både utfordringar og gleder.

Hjerteprogrammet er eit verktøy for planlegging av aktivitet med tema knytta til sosial kompetanse.

Opplegget gjev eksempel på ferdige samlingar og idear til aktivitet, grupper, tema, prosjekt og andre kreative uttrykksformer.

Hjertet er eit symbol som vil gå igjen i kvardagen.

HJERTEVENN SONGEN:

(Mel. Teddybjørnens vise).

Nå har du blitt en hjertevenn,
og vi er glad for det.

For når du ser en venn som trenger hjelp,
så er du med!

Du rekker ut en hånd til den som trenger det fra deg,
og passer på at ingen er alene eller lei.

For alle vi i barnehagen ønsker oss et sted,
der stor og liten har det fint og leker godt i fred.

Og sjølv om du er trist en dag,
så blir du glad igjen.

Vi kommer for å trøste deg,
Du er vår beste venn.

OVERORDNA MÅL/RAMMEPLANEN.

Rammeplan for barnehagen tek utgangspunkt i eit heilskapssyn på barn. Barna blir påverka heilt frå byrjinga av livet av menneske og miljøet rundt seg, og påverkar sjølv sine omgjevnader.

Barna treng å vekse opp i eit miljø som er eigna til å gje sjølvtrillit og oppleving av meistring. Det er behov for mangfald i barna sitt sosiale liv, for frodigheit, variasjon og utfordringar. Vi vaksne må verne om, og utvikle eit miljø som er positivt for barna og foreldra sitt liv slik det er i dag.

Samfunnet vårt er i stadig endring, og vi i barnehagen må tilpasse oss denne endringa.

Rammeplanen peiker på at det er nødvendig å styrke overføringa av fellesverdiar frå vaksne til barn. I dette formidlingsarbeidet kan barnehagen spele ei viktig rolle.

Barnehagen skal gje ei etisk oppseding i samarbeid med foreldra. Heimen har hovudansvaret for oppsedinga, og det er viktig at vi har eit godt samarbeid.

Dette gjeld også for formidling av verdiar og tradisjonar. Forståing, gjensidig ærlegdom og trillit vil vere det beste grunnlag for samarbeid.


- Den gyldne regel er den grunnleggande etiske verdi i møte mellom menneske.
- Den formulerast positivt: "Alt du vil at andre skal gjere mot deg skal du gjere mot dei." Den gyldne regel uttrykker eit prinsipp om likeverd mellom menneske.
- Likeverd mellom grupper står sterkt i samfunnet vårt. Dette gjeld alle, uansett funksjonsnivå, kjønn eller deira sosiale, geografiske og etniske tilknytning. Barnehagen må difor tilpasse innhaldet til det enkelte barn sitt meistringsnivå, og barnet sin sosiale eller kulturelle bakgrunn.

Her under kjem også likestilling mellom kjønna. Vi må vere bevisste på at det er vi vaksne som legg innhaldet i kjønnsrollene, og at vi legg vinn på at alle får same moglegheiter.

- Nestekjærleik og solidaritet er viktige grunnsteinar i vår kultur. I barnehagen er det av stor betyding at barna får oppleve varme og kjærleik frå andre.
- Rettferdsprinsippet står også sterkt i samfunnet, og barna har utvikla ein høg rettferdssans.

Andre fellesverdiar som rammeplanen peikar på er:

- Sanning og ærlegdom.
- Fred og forståing mellom ulike nasjonar og folkeslag.
- Oppleving av estetiske verdiar.



FAGOMRÅDA.

Kunnskap skal bli oppfatta som heilskap i barnehagen, og for å systematisere innhaldet, har rammeplanen satt opp fagområdar, eller lærings- og opplevingsområde. Alle barn skal få del i innhaldet frå alle fagområda kvart år.

Fagområda er:

- **Kommunikasjon, språk og tekst.**
- **Kropp, rørsle, mat og helse.**
- **Kunst, kultur og kreativitet.**
- **Natur, miljø og teknologi.**
- Mengd, rom og form.
- **Etikk, religion og filosofi.**
- Nærmiljø og samfunn.

Kvart av desse fagområda dekkjer eit vidt læringsområde, og vi kjem innom dei både i kvardagssituasjonar og i barnehageinnhaldet elles.

FAGOMRÅDA, MÅL OG MÅLOPPNÅING I SAMBAND MED ARBEIDET I BARNEHAGEN.

Med utgangspunkt i oversiktsmodellen vil vi no sjå på samanhengen mellom fag, mål og måloppnåing.



Kommunikasjon, språk og tekst.

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald.

Kommunikasjon føregår i ei veksling mellom å ta imot og å tolke ein bodskap, og å sjølv vere sendar av ein bodskap. Både det ein sei og ikkje seier er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Å få varierte og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er og nødvendig for utviklinga av eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved overføringa av kultur er knytt til kommunikasjon, språk og tekst.

I barnehagen vår har vi også nytta ein god del «teikn til tale/støtte». Dette kjem til nytte for alle barna i barnehagen. Ikkje alle har eit verbalspråk, men alle har kroppsspråk.

Korleis vil vi gjere dette i barnehagen:

1-2år

- Bruke dialog i rutinesituasjonar.
- Og ikkje rette på barnet sitt språk, men gjenta ordet/setninga rett.
- Og alltid la språk ledsage handling og bruke mange gjentakingar.
- Bruke enkle bøker, peikebøker og biletbøker.
- Bruke barnets namn slik at dei kan kjenne det igjen.
- Bevisst bruk av hei og hade.
- Gjennom undring legge til rette for at barna får kjennskap til naturen og dyra.

2-3år

- Samtale og tid til det enkelte barn, der vi saman undrar oss over naturen og mangfaldet.
- Opne og leggje til rette for at barnet får fortelje.

- Synge songar og lese rim/regle.
- Vere bevisst på kroppsspråk, og å ha augekontakt med barnet.
- Sette ord på kjente gjenstandar ved hjelp av språket.
- Bruke bevisst namnet på ulike kroppsdelar, slik at barna vert kjent med dei.
- Forstå/øve på enkle beskjedar.
- Sjå i bøker, og bli lest for.
- Utrykke kjensler.

3-4år

- Trene barnet på å snakke i gruppe, og lytte til det andre fortel.
- Ha fokus på samtale med det enkelte barn.
- Familien min; intervju med barnet på førehand.
- Kjenne igjen namnet sitt, hjelpe å skrive dersom barna ynskjer det.
- Setje ord på ting og opplevingar.
- Trene på turtaking.
- Ta imot ein verbal beskjed, og utføre den.
- Lære seg songar, rim og reglar.
- Kjennskap til regelleik.
- Lytte til ei lengre bok med bileter.
- Vere bevisst på kroppsspråk og blikkontakt.
- Trene på gjenforteljing,
- Gi barna rom for å fortelje om opplevingar på tur.

5år

- Stimulere barna si interesse for bokstavar og tal.
- Skrive namnet sitt.
- Kunne vente på tur.
- Konsentrasjon.
- Lytte til andre, trene på å snakke og opptre framfor andre.
- Ta imot verbale beskjedar, og utføre dei.
- Forstå omgrep og gradbøyingar.
- Utvikle forteljarevne.
- Lytte til bok utan å ha bilde.
- Lære meir avanserte songar, rim og reglar.



Kropp, rørsle, mat og helse.

I løpet av småbarnsalderen tileignar borna seg grunnleggjande motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vaner og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykker mykje gjennom kroppen. Gjennom kroppsleg aktivitet lærer borna verda og seg sjølv å kjenne. Ved sanseintrykk og rørsle skaffar borna seg erfaringar, ferdigheitar og kunnskap på mange områder. Barn sin kontakt med andre born startar ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette har betydning for utvikling av sosial kompetanse. Eit godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile er viktig for å utvikle ein sunn kropp. Variert fysisk aktivitet både inne og ute er viktig for utvikling av motoriske ferdigheiter og kroppskontroll. Aktiv bruk av natur og nærmiljø gjev mange høve for utfolding.

Korleis vil vi gjere dette i barnehagen:

1-2år

- Bli kjent med barnehagens uteområde.
- Sansemotorisk trening. Bevege seg på ulike underlag inne og ute.
- Trene på å ete sjølv.
- Synge før/etter maten.
- Variert og sunn kost, frukt og grønnsaker, tre varme måltid i veka.
- Bruke sansane, smake, lukte og føle.
- Trille ball.
- Puslespel med knottar.
- Peike på auge, nase, munn, hand og fot.

2-3år

- Nok tid til frileik både ute og inne.
- Bli kjent med naturen, og gå korte turar i nærmiljøet.
- Toalett trening.
- Kjenne namn og funksjon på kroppsdelar.
- Finmotorisk trening som å pusle, teikne og male.
- Sykle på trehjulssyssel.
- Begynnande trening til påkledning.
- Rørsle til musikk.
- Grovmotorisk trening, hoppe, klatre, sykle.
- Variert og sunn kost, frukt og grønnsaker, tre varme måltid i veka.
- Trene på å smøre sin eigen mat.

3-4år

- Servere sunn og variert kost, daglig tilbod av frukt og grønt.
- Tilrettelegging for tannpuss etter frukostmåltidet.
- Gå på lengre turar i nærmiljøet.
- Gymnastikk i barnehagen. Hinderløype
- Finmotorisk trening; t.d. lego, klipping, spikre og smøre sin eigen mat m.m.
- Trene på å kle på seg sjølv, med litt hjelp.
- Bli sjølvstendig i toalettsituasjonen, og god hygiene.
- Læring av rørslesongar.

5år

- Fjellturar/turar i nærmiljøet.
- Deltakande i planlegging av idrettsdag for heile barnehagen.
- Variert og sunn kost, frukt og grønnsaker, tre varme måltid i veka.
- Hjelpe til med å lage til varmt måltid.
- Hugse tannpuss etter frukost, og kunne vere sjølvstendig.
- Meistre rolleleik.
- Lære seg ulike songleikar/regelleikar.
- Meistring av finmotorikk, som klipping, teikning og blyantgrep m.m.
- Kunne kle på seg sjølv, og vurdere klede ut i frå veret.
- Kunne nødnummer, og trafikkreglar.
- Kjennskap til kroppen, kunne sette eigne grenser.



Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen må gje borna høve til å oppleve kunst og kultur, og til sjølv å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og å gjere eller skape ting felles, fører til samkjensle. Born skapar sin eigen kultur ut frå eigne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk vil born få eit mangfald av høve for sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Formidling av kunst og kultur er med på å skape kjennskap til og tilknytning til kulturelle uttrykksformer.

Korleis vil vi gjere dette i barnehagen:

1-2år

- Presentere ulike sanseopplevingar, ta og føle på naturmaterialar.
- Sjå barna i leiken – utvikle vidare det dei er gode på, likar å gjere, og utfordre dei til å prøve nye ting.
- Bruke bileter og peikebøker.
- Eventyr/musikk og dans.
- Gi impuls til dramatisering i leiken.
- Utkledning.
- Bruke kroppen i maleaktivitetar.
- Utforske ulike materialar.

2-3år

- Lese bøker.
- Leggje til rette/inspirere til å utforske og prøve ut forskjellige materialar i naturen.
- Delta i rørslesongar.
- Dramatisere korte eventyr.
- Oppleve og delta i song, musikk, dans, og bruk av rytmeinstrument.
- Utkledningsleik.
- Namn på farger

3-4år

- Bruk av drama/dokketeater i samband med temaarbeid/samlingsstunder.
- Gi rom for at barna kan uttrykkje seg gjennom ulike formingsaktivitetar.
- Oppleve og delta i song, musikk, dans, og bruk av rytmeinstrument.
- Lære songar som er ein del av kulturarven.
- La barna få opptre, åleine eller i grupper framfor eit publikum.
- Gå på tur, samle inn og bruke ting frå naturen.
- Bruke bøker med fine bilde, kunstverk og liknande.
- Bruke fantasien.

5år

- Teater, dramatisere, opptre for andre.
- Kan utrykke seg gjennom formingsaktivitet og ulike teknikkar.
- Bli kjend med lokal kultur.
- Stimulere fantasien, lage kreative produkt ut av material vi finn i naturen.
- Bruke digitalt utstyr til å finne kunnskap.
- Lære seg å ta bilde, og bruke dei til samtale.

- Bruke biblioteket.
- Besøk til sjukeheim m.m.
- Musikk og songleikar.



Natur, miljø og teknikk

Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver. Naturen er ein kjelde til fine opplevingar og gjer inspirasjon til estetiske uttrykk. Fagområdet kan føre til at barn får kunnskap og forståing for planter, dyr, landskap, årstider og vær. Det er eit mål at barn skal byrje å forstå samanhengen mellom planter og dyr, landskap, årstider og vær.

I dette inngår kjærleik til og respekt for naturen, og forståing av samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.

Barnehagen har eigen «kjøkkenhage» på baksida av bygget. Her veks epletre og plommetre. Og vi har plass til å dyrke mellom anna poteter, gulerøter og sukkererter. Dette haustar vi og brukar i barnehagen.

Korleis vil vi gjere dette i barnehagen:

1-2år

- Bli trygg på å vere ute i all slags ver.
- Trille/gå på tur i nærmiljøet.
- Utforsking ute og på tur.
- Bruke turar og samlingar til formidling av kunnskap.
- Sette namn på det vi ser rundt omkring i naturen – sjå og undre.
- Leik på uteområdet med sand, vatn, snø og is.
- Bruke naturmateriale til enkle formingsaktivitetar.
- Avfallssortering. Her legg vi til rette for at barna skal få sortere avfall i forskjellige bokser.

2-3år

- Lære om årstidene. Satsingsområde
- Gå på tur med mindre grupper.
- Formidling av gode haldningar til naturen. Sporlaus ferdsel.
- Uteleik kvar dag, i all slags ver.
- "Forske" på naturfenomen t.d. snø, is, vind, planting og vekst.
- Gjere oss nytte av det vi finn i naturen t.d. bruke naturmaterialar til formingsaktivitetar og matlaging.
- Plante frø og sjå prosessen ifrå frøet til planta.
- Avfallssortering. Her legg vi til rette for at barna skal få sortere avfall i forskjellige bokser.

3-4år

- Gå på tur med større/mindre grupper i nærmiljøet.
- Formidle gode haldningar til å ta vare på naturen, t.d. ikkje bryte greiner/kaste frå seg søppel.
- Bruke turar og samling til formidling av kunnskap. Lære om dagane og månadane, vekstar og materialar.
- Kjenne til årstidene.
- Gjere seg nytte av det vi finn i naturen, t.d. lage syltetøy.
- Få erfaring med digitalt verktøy.

- Plante ulike grønnsaker.
- Avfallssortering. Her legg vi til rette for at barna skal få sortere avfall i forskjellige bokser

5år

- Læring om samspel i naturen, ta vare på den og rydde opp når vi har vore på tur.
- Avfallssortering. Her legg vi til rette for at barna skal få sortere avfall i forskjellige bokser.
- Kunnskap om årstider, dagar og månader.
- Undring om naturfenomen.
- Kjenne til namn på dei vanlegaste tre og blomster.
- Gjere seg nytte av det vi finn i naturen, t.d. lage mat eller forming.
- Bli kjend med dei ulike verslaga og lære seg å kle seg etter veret.
- Kunne bruke enkle digitale verktøy.
- Gjenbruk, ta vare på ting.
- Plante frø og lære om kva som skal til for at vekstar skal trivast.



Etikk, religion og filosofi.

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måtar å oppfatte verda og menneske på og pregar verdier og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlaget for etiske normer. Kristen tru og tradisjon har saman med humanistiske verdier gjennom fleire hundre år prega norsk og europeisk kultur. Noreg er i dag et multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samtidig som ein skal ta med seg verdier og tradisjonar i den kristne kulturarven. Den etiske veiledning barnehagen gir barn, må ta omsyn til barnets føresetnader og det enkelte heim sin kulturelle og religiøse, eller verdimessege tilknytning.

Korleis vil vi gjere det i barnehagen

1-2år

- Samlingsstund med kristent innhald ein gong i veka, dette vert formidla via song og bøn.
- Enkle aktivitetar i samband med dei kristne høgtidene og merkedagane.
- Formidle Jesus som passer på oss, og er vår venn.
- Tryggleik, kos, og eit fang å sitje på.
- Smaker og musikk frå andre land og kulturar.
- Gje rom for undring over det Gud har skapt.
- Erfare og oppleve omsorg for kvarandre.

2-3år

- Her formidlar vi det kristne budskapet med flanellograf og forskjellige gjenstandar/figurar.
- Formidle Jesus som passer på oss, og er vår venn.
- Fortelje om misjon og misjonsprosjekt.
- Positive handlingar vert lagt merke til og oppmuntra
- La barna få innblikk i dei kulturar som er representerte på avdelinga.
- Gje rom for undring over det Gud har skapt.
- Å ta omsyn til kvarandre, og omsorg for dyra og naturen.

3-4år

- Det kristne budskapet vert formidla gjennom dramatisering, flanellograf, song og formingsaktiviteter.
- Lære om andre land og kulturar.
- Lære om misjon og samle inn pengar til Barnas Misjonsprosjekt. Få besøk av misjonærar og andre som har fellessamlingar i barnehagen.
- Utvikle evne til empati, sjå andre sine behov og handle positivt ut frå det.
- Vitje Ulstein kyrkje i samband med høgtidene.
- Ulike aktivitetar i samband med dei kristne høgtidene og merkedagane.
- Gje rom for undring over det Gud har skapt.
- Ha omsorg for naturen og dyra rundt oss.

5år

- Det kristne budskapet vert formidla gjennom dramatisering, flanellograf og formingsaktiviteter. Barna får også dramatisere sjølv og lære seg kristne songar.
- kunnskap om andre land og kulturar.
- Lære om misjon. Besøk av misjonærar og andre som har fellessamlingar i barnehagen. Delta på Barnas misjonsprosjekt. 5 åringane er då med i prosessen til foreldrecaffi, der vi samlar inn pengar til misjonsprosjektet.
- Kjenne til norske tradisjonar og høgtider.
- Evne til empati.
- Gje rom for undring over det Gud har skapt.
- Lære god haldning og respekt for andre kulturar, menneske og dyr.
- Vitje Ulstein kyrkje i samband med høgtider.
- Ulike aktivitetar i samband med dei kristne høgtidene og merkedagane.
- Besøke aldersheimen og opptre for dei eldre.



Nærmiljø og samfunn.

Borna sin medverknad i det indre liv i barnehagen kan vere det første skritt for å få innsikt i og erfaring med eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal hjelpe til at barn kan møte verda utanom familien med tillit og nysgjerrigheit. Vi skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett. Barn skal medvirke i, utforske og oppdage nærmiljøet sitt.

Barnas ulike erfaringar frå heim, omgangskrins og reiser vil kunne gje kunnskap om ulike samfunn. Fagområdet omfattar også media si betyding for borna sin kvardag.

Korleis vil vi gjere det i barnehagen:

1-2år

- Bli trygg i barnehagen, kjent med dei vaksne og dei andre barna.
- «Biletbok»; barnet og familiebilete.
- Kven er i barnehagen og kven manglar i gruppa.
- Bli kjend med uteområdet i barnehagen.
- Få erfaring med ulike verslag.
- Få positive erfaringar i forhold til samhald/venskap.

2-3år

- Gjere seg kjende i nærmiljøet gjennom turar.
- Oppmuntre borna til å delta i samtaler i samlingsstund, måltid o.a.

- Lære å leike saman.
- Hjelpe til med tralla, dekke på/av bord.
- Lære seg reglane ved bordet.
- Samtale med borna om det som møter oss i nærmiljøet.
- Sjå til at borna kan erfare at deira val og handlingar kan påverke situasjonen for både dei sjølv og andre.
- Delta på fellesarrangement/samlingsstunder.

3-4år

- Gjere seg kjende i Ulsteinvik gjennom turar.
- Trene på å smøre maten sin sjølv, og spørje om hjelp til å sende.
- Barna får vere med på å vaske og dekke bordet (ordenshjelp).
- Lære seg reglane ved bordet.
- Oppmuntre borna til å delta i samtaler i samlingsstund, måltid o.a.
- «Sjå den andre», gode haldningar og handlingar.
- Lære om brannvern og nødnummer.
- Kjennskap til trafikkreglar.
- Nasjonaldagen, flagget vårt.
- Sjå til at borna erfarer at deira val og handlingar kan påverke situasjonen for både dei sjølv og andre.

5år

- Bli kjend i Ulsteinvik, turar i fjell og fjøre.
- Respekt for reglar i forhold til måltid.
- Barna får vere med på å lage ulike matrettar.
- Trene på å vere sjølvstendig.
- Vere ein god venn. Sjå kva den andre har behov for, i ulike situasjonar.
- Lære om samfunnet vårt, Noreg si historie. Merkedagar og liknande.
- Lokal kultur. Kjennskap til kommunevåpen og Ulsteinsongen.
- Turar til bibliotek.
- Ha kunnskap om brannvern og nødnummer.
- Utvikle barnas kunnskap rundt trafikkopplæring.
- Lære barna at deira val og handlingar påverkar situasjonen for både dei sjølv og andre.
- Besøk på SSR.



Mengd, rom og form.

Born er tidleg opptatt av tal og teljing, dei utforskar rom og form, dei argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar borna sin matematiske kompetanse. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre borna si eiga utforsking og legge til rette for tidleg og god stimulering.

Korleis vil vi gjere det i barnehagen:

1-2år

- Få erfaring med ulik storleik og mengd.
- Prøve å finne to like.
- Puslespel m/knottar.
- Omgrepstrening.

- Telje til tre.
- Bruke leiker som puttekaske, duplo m.m.
- Enkle eventyr.
- Sette ord på det ein gjer slik at borna lærer dei ulike omgrepa.
- Sortering.

2-3år

- Bevisst bruk av rim, regler og songar.
- Vere bevisst på bruk av tal og teljing i samtale og leik.
- Puslespel m/fleire brikker.
- Enkel rolleleik.
- Trene på å dekke bord, sende mat, takke for maten og rydde opp etter seg.
- Sortering av avfall.

3-4år

- Sjå til at barnehagen har tilgang til ulike typar spel, klossar, leiker o. a som gjev barna erfaring med tal og leik med tal.
- Bevisst bruk av songar.
- Bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leikar og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk.
- Enkle terningspel.
- Vite forskjell på lang/kort, Stor/liten.
- Sortere i ryddesituasjonen.
- Sortering av avfall.
- Kopiere og lage mønster.
- Forstå preposisjonar.
- Fokus på vekt og mengde ved for eks. bakst.

5år

- Kjenne igjen tala 1-10.
- Øve på å telje til 100.
- Kunne namn på former.
- Spele kort og brettspel – kunne telle og flytte.
- Legge til rette for erfaringar med ulike typar mål og målereiskap i kvardagen.
- Bruke situasjonar i barnehagen til formidling av taleomgrep. Samstundes stimulere barna til å fundere på avstand, vekt, volum og tid.
- Bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leikar og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk.
- Kunnskap om preposisjonane (framfor, bak øvst, nest, på under).
- Begynnande kjennskap til klokka.
- Barna tek aktiv del i større grad i forhold til sortering.

BARNES MEDVERKNAD

Både rammeplan for barnehagen og FN sin barnekonvensjon og barnehageloven legg vekt på at meiningane til barn skal telje. Barn skal ha rett til å påverke livet og kvardagen i barnehagen.

Barnehagelova §3seier: Borna sine synspunkt skal tilleggast vekt i samsvar med borna sin alder og modning.

Nokre val kan borna ta heilt på eiga hand, andre kan dei uttale seg om, medan andre kan dei ikkje vere med på i det heile. Vi som er vaksne har ansvar for at val og avgjerder som vert tatt er til borna sitt beste.

Vi meiner at det er å pålegge barnet ein for stor byrde å skulle ta for mange og for store avgjerder sjølv. Born må lære at det å ta val gjev konsekvensar, men born skal ikkje måtte stå til ansvar for val som er uheldige eller gale.

Kor omfattande medverknaden er, er avhengig av barna sin alder og funksjonsnivå.

Dei vaksne i barnehagen må legge til rette for at barna kjenner tilknytning og fellesskap, og at dei kan våge uttrykke sine eigne intensjonar.

I tillegg må ein lære dei å leve seg inn i andre sin situasjon og å ta omsyn til andre.

Barna skal ha rom for å undre seg og å stille spørsmål, og dei skal møte anerkjening for tankar og meiningar dei gir uttrykk for.

Retten til medverknad krev lyttande vaksne som tek omsyn til det enkelte barn og til gruppa.

Barna sine meiningar skal påverke barnehagen sitt daglege arbeid, men nokre situasjonar tydeleggjer det ekstra, sånn som val av pålegg på maten, val av leikeaktivitet eller mål for ein felles tur. Barn som aktive medhjelparar i kvardagslege gjeremål. Dette er å sjå på som direkte medverking.

I løpet av ein dag eller ei veke i barnehagen finn ein mange slike situasjonar.

Så har vi indirekte medverking. Da tenker vi på dei situasjonane der dei vaksne tar val ut i frå det ein ser er borna sine behov. Barna gjev uttrykk for kva dei liker og ikkje liker, ikkje bare gjennom ord. Observasjonar av barna seier oss også mykje om kva dei treng i forhold til utvikling.



SAMARBEID MED HEIMEN

For at barna og dei føresette skal ha mest mogleg nytte av opphaldet i barnehagen, er det viktig at ein får til eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.

Dei føresette har ansvaret for oppsedinga av barnet, og barnehagen skal vere ei hjelp i dette.

Det er difor viktig at ein tek seg tid til samtale med personalet, både formelt og uformelt. Barnehagen vil oppmode til samtalar to gongar om året. Personalet i avdelingane vil gje informasjon om dette.

Elles er det viktig at ein har kontakt ved bringing og henting av barnet.

Ein har ikkje like mykje tid kvar dag, det gjeld både føresette og tilsette, men ein bør ta seg tid til å formidle viktige hendingar i kvardagen til barna.

Elles har barnehagen foreldremøte haust og vår. I samband med det vert det innkalla til foreldreråd.

Foreldreråd er foreldra sitt eige forum, dei vel to representantar, med vara, til samarbeidsutval.

Samarbeidsutval er det fora der eigar, foreldre og tilsette møtes, og drøfter aktuelle saker som gjeld barnehagen.

Dersom foreldra ynskjer fleire møter i foreldreråd, er det desse valde representantane ein skal vende seg til.

Dersom dei føresette og barnehagen opplever at ein treng hjelp ut over den kompetanse som ein finn i barnehagen, bør ein og samarbeide om dette. Vi som barnehage kan ikkje bruke eksterne hjelpeinstansar utan at de som føresette har godkjent det.

PERSONALSAMARBEID/PERSONALUTVIKLING.

Vi har heile tida fokus på å bevare den gode atmosfæren mellom personalet i barnehagen. Dette trur vi vil verke inn på barna og trivnaden for alle i barnehagen.

Vi ynskjer at alle skal få utvikle sine eigenskapar og bruke sine ressursar. Vi legg vekt på at vi alle er ulike, og at vi alle har våre positive og negative sider, men at vi kan utfylle kvarandre.

Gjennom respekt og likeverd skal vi få vere den vi er.

Ein vil så langt dei økonomiske rammene tillet det, sende dei tilsette på kurs, slik at ein kan halde seg fagleg oppdatert.

Personalet er en del av «Kompetanseløft » i Ulstein kommune.

Dette er i regi av PPT og har fokus på den autoritative vaksne.

Ein gong om året kallar eigar inn til kurs for heile personalet. Dette vert lagt til ein av dei fem planleggingsdagane barnehagen har.

Elles så gjennomfører vi personalmøter og avdelingsmøter om lag ein gong i månaden og medarbeidarsamtalar ein gong i året.

Personalmøter er det forum der alle tilsette møter og det er ein arena der vi tek opp tema rundt samarbeid. Samt at personalmøter blir brukt til opplæring og styrking av personalgruppa.

DOKUMENTASJON OG VURDERING.

Dokumentasjon av personalets arbeid synliggjør korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Rammeplanen, kap. 7.

Vi dokumenterer ved hjelp av observasjon, månadsplan, heimesida, bileter, songar og praksisforteljing. Samt barnas eigen perm med teikningar, og bilete.

For at alle former for samarbeid skal fungere er det viktig at ein set av tid til evaluering undervegs.

Personalet brukar mykje tid på avdelingsmøte og personalmøte til å diskutere arbeidet i barnegruppene.

Kva mål har vi? Har vi nådd måla vi har sett oss? Må noko endrast? Korleis er vegen vidare?

Dette vert dokumentert med referat frå møta.

Vi tek også med tilbakemelding/evaluering frå foreldra.

Personalet i barnehagen vurderer og observerer kvar einaste dag.

Vi vurderer då om kvart einskild barn syner interesse og framgang, og om dei har ei venta utvikling ut frå alder og modning.

Vi bruker eit faste observasjonsskjema i arbeidet:

* ”Alle med” som viser oss barnet sitt meistringsnivå i mellom anna motorikk, emosjonelt og leik.

Dette gjer at ein ikkje berre "syns" at barnet fungerer aldersadekvat, eller har noko dei bør trene på, ein veit det også.

EIGARSTYRET

Kvar enkelt barnehage i NLM-Barnehagane AS har sitt eige styre. Saker som blir behandla her er mellom anna budsjett, rekneskap, personalsaker, tilsetjingar og vedlikehald.

Styret består pr. i dag av følgande personar:

Steinar Dimmen, Ledar
Ingeborg Dyrhaug Hatløy
Asbjørg Muren Ulvund
Berit Mari N. Nystøyl, sekretær.

Andre samarbeidspartnarar:

Ulstein kompetansesenter
Skular
Barnevernstjenesten
Politi
PPT
Leikeplasskontrollen

ETTERORD.

Vi håper at årsplanen har gitt eit lite inntrykk av det vi driv med i barnehagen.

Dersom nokon av dykk ynskjer å vere meir saman med oss tek vi gjerne imot besøk.

Ta kontakt og avtal med nokon på avdelinga der barnet/barna har plass.